



## Kjære korsongarar

Førde Kammerkor har gleda av å invitere til Songarstemne 7-9 Juni 2024 i Korbyen FØRDE 😊

Førde Kammerkor vert leia av dirigent Asbjørn Flom og har for tida 30 medlemmer. Vi syng variert repertoar med basis i den klassiske kormusikken. Vi feirer 40-års jubileum no i 2023 og skal ha ei markering av dette 9.des. i Førde kyrkje med ein kombinert jubileums- og julekonsert.

Den offisielle delen av Songarstemnet skjer ved åpninga Laurdag med påfølgande konsertar Laurdag og Sundag men vi håper også å få til ein konsert Fredag kveld i forbindelse med kulturnatt for dei som ynskjer det. Vi jobbar også med å få til ein Workshop som skal vere ein inspirator i korkvardagen

Kulturnatta er eit årleg arrangement der heile kulturlivet i Sunnfjord er invitert til å vere med å bidra med innslag rundt om i heile Førde. Her er det kor, korps, drama osv. Vi jobbar allereie no med å få gitt mulighetene for tilreisande kor, som kjem Fredag, ei mogelegheit for å få delta på eit arrangement.

Vi har booka all ledig overnattingskapasitet i Førde denne helga so det er berre å melde seg på 😊

Stemnet er eit samarbeid med Norges korforbund Sogn og fjordane.

